



Valldal Idrettslag

Referat frå styremøte Valldal IL

Måndag 21. mars 2022 kl 19.30

Klubbhuset – Omenås

Til stades:

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Lars Petter Hauge, Ellisiv Jarvik, Monika Høydal Lingaas

1. vara til styret: Turid Løvoll

Fotball v/Frode M Døving

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Disksport v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Kontrollutval Lars Tomas Bersås

Forfall:

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Sakliste -

18/22 Godkjenning av referat frå styremøte 2. mars 2022

Referat frå førre møte er godkjent

19/21 Kort oppsummering frå gruppeårsmøta og ev anna informasjon frå gruppene og dagleg leiar

Ski – fullt program nokre veker til, avslutning av sesongen til påske med VM. Mange utøvarar deltek i ulike renn.

Disksport – ikkje noko nytt å melde

Friidrett – ikkje noko nytt å melde

Fotball – ikkje noko nytt å melde

Det blir gitt tilbakemelding om at det er kort frist for dei ulike gruppene i forhold til årsmøte i hovudlaget. Bør vere ca 2 veker frå gruppeårsmøta til årsmøtet i hovudlaget.

20/22 Årsmøte 2022

Sakliste til årsmøte

1. Godkjenne stemmerett til dei frammøtte
For å ha stemmerett på årsmøte må ein
 - vere fylle 15 år i kalenderåret
 - vore medlem i idrettslaget minst ein månad
2. Godkjenning innkalling og sakliste.



Valldal Idrettslag

Innkalling og saksliste blir godkjent.

3. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar
 - b. Val av sekretær
 - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
4. Årsmelding 2021 - Årsmelding 2021 blei gått gjennom
5. Rekneskap 2021 - Rekneskap 2021 blei gått gjennom
6. Arbeidsplan 2022 – Arbeidsplanen blei gått gjennom
7. Budsjett 2022 – Budsjett for 2022 er enno ikkje heilt komplett, budsjettet blir ferdigstilt om kort tid. Lars Petter og Einar utarbeider eit ferdig forslag til budsjett i balanse til årsmøtet.
8. Valldal IL sin organisasjon - Organisasjonsplan er gått gjennom. Bør trim og friidrett slåast saman til ei gruppe ? Gruppene skal ha minimum 3 deltarar. Det blir sett opp eit forslag til årsmøtet med felles friidrett/trimgruppe.
9. Medlemskontingent 2023
noverande kontingen:

Medlem under 18 år	kr 200
Medlem 18-24 år	kr 200
Medlem 25 år og eldre	kr 400
Pensjonist	kr 300
Familie	kr 600

Styret foreslår at kontingenen står uendra i 2023.

10. Innmeldt forslag:

Årsmøtet ber om at hovudstyret og undergruppene det komande året vurderer ei anna organisering t.d. å slå saman eller legge ned grupper eller redusere storleik på nokre av gruppestyra for å redusere det totale talet på tillitsvalde i organisasjonen.

Forslaget blir lagt fram til årsmøtet.

11. Val

Innstilling frå valnemnda blir lagt fram til orientering.

Medlem i valnemnda, Kåre Erstad står på val

21/22 Eventuelt

Olsok – 4 lag har sagt frå at dei vil vere med å arrangere Olsok, Valldal bygdekvinneklag, Lions, Valldal hornmusikkklag, Valldal Jeger og fiskeforening og Valldal Helselag. Olav Løvoll og Einar kallar inn til eit møte saman med desse.